



Gubbelaget «Litt i lufti» er klare for eit av sesongens høgdepunkt: Gubberennet. Frå høgre: Jan Egil Manheim, Arve Øygarden, Geir Øygarden, Vegar Haugland, Dag Jarle Sveinsson og Torgeir Listaul.

Hoppar fleire hundre meter ...

Hoppentusiastane frå Seljord ber dommarane fylgje godt med og ikkje blunke i laurdagens gubberenn i Kviteseid.

Øystein Øygarden
oystein.oygarden@vtb.no

Ja, om dei skal få med heile hoppet må dei vere vakne, og ikkje blunde med augo, smiler Dag Jarle Sveinsson frå gubbelaget med det klingande namnet «Litt i lufti».

Gubbelaget har i underkant av 20 ivrige medlemmer, og blei offisielt starta i fjor. 13-14 av dei hoppar sjølve, medan resten er med som støtteapparat og heiagjeng, eller berre glade i det sosiale livet.

Arve Øygarden er ein av hoppentusiastane. Han hoppa aktivt fram til han var 16 år. I fjor gjorde han comeback som 33-åring.

– Gubberennet er eit av høgdepunkta i sesongen, smiler Øygarden.

Den sosiale biten er i høgsetet. Medlemmene i «Litt i lufti» reiser også på turar for å fylgje

den hakket meir profesjonelle hoppinga på nært hald. I mars reiser dei til både Lillehammer og Vikersund som tilskodarar til verdscupsirkuset. I fjor gjekk turen til verdas største hoppbakke, i slovenske Planica.

– Det var vanvittig moro, og turen oppfylte alle forventningar med både heftig bakke, fint vær og ein strålende tur i det heile, seier Øygarden, og varslar at det er planar om ny tur til gigantbakken neste år.

– Det er målet for 2010, ved sida av gubberennet då, seier han.

Men berre for å gjere ein ting klart: På gubberennet er dei deltakarar, i skiflyging er dei tilskodarar.

Elles står ein tur til den tysk-austerriske hoppveka høgt på yniskjelista, men her må det litt



Trygve Skarprud frå Kviteseid IL er ein av dei som tysdag hadde siste finpussen før laurdagens renn.

overtaling til for at dei skal få lov av den betre halvdelen i heimen.

Kom berre til hoppet

Det var då dei oppdaga at dei var mange med den same interessa, at dei etablerte gubbelaget. No har dei både eiga nettsida og sponsorar. Namnet kom då ein av deltakarane trudde han hadde hoppa lenger enn han gjorde. Då han blei konfrontert med at det ikkje var så langt, kom responsen raskt.

– Eg var i alle fall litt i lufti ..., og dermed sa namnet på laget seg sjølv.

– Kven har vore kortast tid i lufta da?

– I fjor var det vel nokon som ikkje ein gong kom til lufti ... ferda enda på hoppet. Men det skal seiast at det var dårleg føre, og at det lugga veldig i tiløpet, seier Vegar Haugland.

Tysdag var dei på den siste treningskvelden i bakken i Kviteseid. Laurdag brakar det laus

med årets gubberenn.

– Korleis er forma?

– Ho kjem laurdag, trur seljordingane.

– Kven har hoppa lengst av dykk?

– Det har eg ikkje oversikt over, men i løpet av vinteren hoppar me til saman fleire hundre meter, seier Haugland og ler.

Fest på kvelden

I år er Kviteseid IL lokal arrangør av gubberennet til Vest-Telemark gubbelag. I overkant av 50 deltakarar er venta til laurdagens renn der det blir tevla i ulike klasser som rekrutt, unggubbe, viuband, tåband, hudsko, og ei vikingsklasse for dei verkelege veteranane, dei over 80. Etter gubberennet er det årsmøte, og deretter fest på Sundvang.

– Men festen er open for alle, seier Per Arne Diskerud i Kviteseid IL, og legg til at ein må melde seg på til festen.

Vest-Telemark Gubbelag

- Skipa 27. februar 1927.
- Trygve Feilberg hadde ideen om å samle dei sprekaste av gamlekarane til skirenn og kameratsleg samvær.
- Det fyrste rennet blei arrangert i Haugandalen i Morgedal i 1927. Dette blei så vellukka at gubberenn blei ein fast tradisjon som går på rundgang i Vest-Telemark.
- Med unntak av under krigen og nokre snøfattige vintarar har gubberennet blir arrangert årleg.
- «Halla» Svartdal er formann i laget no.

Kjelde: Jubileumsboka «Vest-Telemark Gubbelag 1927-1977»